

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Deres ref: 12/4654 ME/ME2 LVH:MK

Vår ref: 13/00002

Oslo, 19. mars 2013

Høyringsvar "Av, om, for - et innspillsnotat om mangfold i kinofilm og tv-drama"

Norsk filminstitutt (NFI) er glade for initiativet til dette notatet. Norsk filmbransje vil ha stor glede av eit auka mangfald, både av kunstnarlege omsyn og av omsyn til publikum.

Generelt vil NFI samtidig peike på at skeivheiter i representasjonen er eit samfunnsproblem som ikkje gjeld isolert for film- og tv-bransjen. Personar med anna etnisk bakgrunn enn norsk er underrepresenterte på mange samfunnsområde, kvinnetdelen er låg både på mange kunstfelt, og innanfor teknologi, næringsliv og styresett.

Skal ein betre rekrutteringa til film- og tv-bransjen, vil vi derfor særleg understreke behovet for langsiktige tiltak retta mot å betre rekrutteringa til bransjen. Det omfattar både skole og utdanning, og tiltak for barn og unges eigenaktivitet. Ikkje minst ser vi at dei regionale filmtiltaka vil kunne ha ein viktig rolle ved å bidra til eit breiare rekrutteringsgrunnlag til dei nasjonale ordningane.

Utan dette vil vi også i framtida gå glipp av talent, og dei tiltaka NFI aleine kan setje i verk, vil vanskelegare kunne gi varige resultat. Tilskottsordningane NFI forvaltar er retta mot den profesjonelle bransjen, og vi skal primært leggje vekt på kvaliteten i dei enkelte prosjekta. Tiltak i regi av NFI må derfor skje i samspel med både bransjen og andre aktørar.

Vi ser også behov for å presisere på kva område ein ønskjer å oppnå endringar. Det er nyttig å gjere distinksjonar for å vere tydeleg på kva område ein ønskjer å oppnå mål, og inndelinga i skaparmangfald, innhaldsmangfald og brukarmangfald fungerer klargjerande på kva ein vil realisere med dei enkelte tiltaka.

Arbeidsgruppa legg til grunn at mangfald på eitt område automatisk vil generere mangfald på dei to andre. NFI er usikre på om denne samanhengen er absolutt naudsynt. Vi ser det ikkje

slik at kvinner lagar film mest for kvinner, eller at eldre lagar film mest om eldre. Men vi ser absolutt verdien i auka mangfald både på skaparsida, på innhaldssida og mellom publikum. I våre merknader har vi derfor ikkje gått inn på denne problemstillinga spesielt.

I kommentarane til dei enkelte framlegga, er nummereringa den same som framlegget har i rapporten.

5.1. Fem forslag for betra skaparmangfald

5.1.1. Leggje kortfilmstøtta til dei regionale filmsentera, og opprette filmsenter i Oslo

NFI meiner dei regionale filmsentera har ei viktig oppgåve ved å satse på kortfilmen, og meiner at ein med fordel kan utnytte samspelet mellom NFI og regionale senter enda betre. Det er naturleg at regionale senter har nærare kontakt med sine nærmiljø, og derfor kan bidra til å utvikle enda fleire talent enn NFI kan lukkast med aleine. Samtidig ser ein at samspelet mellom sentrale og regionale ordningar har fungert strålande på døme som Kjøttår og Skallamann, begge nemnde som regionale satsingar i rapporten.

Vi er derfor samde i at kortfilmsatsinga i dei regionale miljøa bør styrkast. For at det skal lukkast, krev det både at kortfilm blir prioritert i alle dei regionale sentera, inkludert eit nytt i Oslo, og at det er ein jamt høg kompetanse mellom dei. Dei siste åra har den samla potten til regionale filmtiltak auka. Men medan dokumentarfilm samla sett har hatt ein vokster, har midla til kortfilm stått meir eller mindre på same staden. Her er det rett nok regionale skilnader, både i økonomi og i faglege prioriteringar. Dersom ein skulle fjerne den sentrale potten, vil dette kunne i svært uheldige skilnader i arbeidsvilkår avhengig av kva region filmskaparen høyrer til.

Kortfilm er heller ikkje aleine eit eksperimentformat. Kortfilmen har også status som eit sjølvstendig kunstnarleg uttrykk, og må målast ut frå kvalitetskrav. Aleine å spreie dagens 20 millionar kroner frå NFI tynt utover, vil per i dag ikkje vere tilstrekkeleg til å sikre utvikling av kortfilm på høgt nivå. Mange norske kortfilmskaparar held høgt nivå, og for å delta internasjonalt er det viktig at det også i det vidare finst ein sentral pott i tillegg til dei regionale. Denne potten kan likevel vere mindre enn i dag, og fungere som ei sentral elitesatsing.

Ein viktig del av kompetansebygginga av nye miljø er overgangen frå enklare krav til selskapsstyring og over til strengare krav om rapportering og profesjonalitet. Slik det fungerer i dag er overgangen tydeleg når ein går frå regional til nasjonal søknadsbehandling. Slik gir kortfilm høve til kompetanseutvikling av regionale selskap som ønskjer å lage film på eit profesjonelt og nasjonalt nivå. Ei slik profesjonalisering også kan gjerast regionalt, men det

vil krevje styrking av den regionale administrasjonen, alternativt at ein samlar fleire regionale senter under ein administrasjon.

Ei spreing av tilskottsmidla til fleire regionale miljø vil ikkje i seg sjølv bidra til å sikre ei større mangfald utover det geografiske tilfanget. For å sikre den langsiktige rekrutteringa og voksteren mellom talenta bør dei politiske målsettingane knytte til kjønn, alder og etnisitet også omfatte regionale tildelingar.

NFI vil her trekkje fram utviklinga av Internasjonalt Samisk Filmsenter (ISF) som eit viktig tiltak. ISF har som oppgåve å styrkje samisk film- og TV-produksjon. Med utgangspunkt i samisk språk og kultur ser vi at dei kan gi originale tilskott til bransjen, og ut frå språk også styrkje tilbodet til særskilte publikumsgrupper.

NFI støtter at regionale filmsenter skal kunne gi tilskott til manusutvikling også av tv-drama og kinofilm.

5.1.2 Følgje opp utjamningsforslag for balansert kjønnsrepresentasjon i norsk filmbransje

NFI har utarbeidd ein handlingsplan basert på rapporten Ta alle talentene i bruk!, og følgjer denne i dialog med Kulturdepartementet.

5.1.3 Utvikle skaparkrafta i filmbransjen

NFI ønskjer å vidareføre både ordninga med VIP-stipend og Nye veier. Det er rett at vi får inn mange søknader til Nye veier til lange filmer. Dette tyder både på at søknadsfristar generer søknader, og at det er behov for ei slik tilskottsordning. I ordninga er det lagt vekt på at ho skal bidra til betra kjønnsbalanse, men også til utvikling av filmkunsten og til utvikling av kunstnariske talent.

5.1.4 Rekruttering av filmprodusentar med minoritetstilknytning

NFI er positive til tiltak som tar sikte på å rekruttere filmprodusentar med minoritetstilknytning. Vi vil tru at fleire produsentar med fleirkulturell bakgrunn vil gjere det lettare for filmskaparar med fleirkulturell bakgrunn å oppsøkje produsent. Det er samtidig viktig at denne rekrutteringa blir følgd opp av dei same krava til profesjonalitet og evnar, slik at vi sikrar at det blir ein naturleg og langsiktig del av bransjen.

5.1.5 En aspirant-, hospitant- og mentorordning lagt til filmsentra

Aspirantordning:

NFI kjenner til Norsk kulturråds aspirantordning, men det kan sjå ut som om det er eit litt anna framlegg som ligg i notatet. Aspirantordninga i Norsk kulturråd gir tilskott til aspirantar innan skapande, formidlande eller utøvande verksemder. Det vil seie at aspirantane ikkje er knytt til

forvaltningsorganet. Slik det står her, ser det ut som om ein meiner at aspirantane skal vere knytte til forvaltningsorganet. Vi er usikre om kva verknad dette vil ha isolert sett, og om det er dette som faktisk er meint.

NFI meiner ei aspirantordning knytt til utøvande institusjonar vil kunne verke til å styrke mangfaldet i bransjen. Her kan ein også sjå på elevskolen Det Multi Norske, som er eit samarbeidsprosjekt mellom Høgskolen i Nord-Trøndelag og Det Norske Teatret. Der har ein bygd opp ein elevskole knytt til teatret, og gitt elevane tilbod om eitt års kontrakt på teatret etter avslutta utdanning. Tilsvarande kunne ein sjå for seg at NFI kunne gi finansiering til utplassering av gode kandidatar hos dei største TV-selskapa og produksjonsselskapa, og at desse igjen kunne tilby kandidatane ei tidsavgrensa kontrakt i etterkant.

Det føreset friske middel, og eit tett samarbeid mellom NFI og produksjonstiltaka.

Hospitantordning:

Slik vi forstår aspirantordninga i Norsk kulturråd, vil ho omtrent samsvare med ei aspirantordning som er finansiert frå forvaltninga. Dette støttar vi, med atterhald om friske middel.

Mentorordning

Dette er i dag ein del at tiltakspakka for likestilling, og det er her gjort framlegg om å utvide ordninga. NFI går inn for at ein evaluerer dagens ordning for å sjå korleis ein eventuelt kan vidareføre ho med eit breiare mandat.

5.2 Tre forslag til tiltak for betra innhaldsmangfald

5.2.1 Auka ressursar til manuskript- og prosjektutvikling med klart innhald

Per i dag har NFI to styringssignal som er knytte til tildelingar. Vi praktiserer moderat kvotering i alle ordningar, og vi har etablert interne målsettingar om to barnefilmar innan konsulentordninga, og to barne- og familiefilmar innan marknadsordninga. Det er altså ikkje noko prinsipielt i vegen for å nytte styringssignal for å realisere politiske mål.

Vi vil likevel peike på enkelte utfordringar til korleis det skal praktiserast.

Dersom ein skal øymerke middel, vil dette redusere dei resterande midla. For manusordninga ville nok dette la seg gjere, dersom ein avgrensar talet på mål. Utfordringa er når det blir mange mål som skal realiserast innanfor avgrensa område, som for eksempel produksjonstilskott til kinofilm. Da vil fleksibiliteten bli langt mindre, og det kan gå ut over både kvalitet og kreativitet. Det er altså viktig at ein prioriterer kva mål ein vil realisere.

Så vil vi reint prinsipielt peike på at det kan vere vanskeleg for forvaltningsorganet å leggje for sterke føringar på innhaldssida i produksjonsfasen. I manusutviklinga kunne ein tenkje seg initiativ over kortare tid, men det vil likevel stå att eit viktig stykke frå manusutvikling til produksjon.

5.2.2 Auke talet på film- og tv-forteljingar for barn og unge basert på originale og samtidige historier

Som nemnt over har NFI lagt eit program for å sikre breidda i produksjonen retta mot barn og unge, med ei målsetting om å gi tilskott til fire produksjonar årleg. Som omtalt i notatet har vi ein periode har sett svært mange filmar som byggjer på velkjende merkevarer frå bok eller teater. Desse prosjekta har i særleg grad fått tilskott gjennom marknadsordninga.

Nettopp derfor har vi lagt særleg vekt på å signalisere ut ei styrka satsing på barnefilmen innan konsulentordninga. Vi har likevel ikkje sett krav til at prosjekta her ikkje skal kunne byggje på litterære førelegg, og meiner det ikkje er nokon naudsynt samanheng mellom litterært førelegg og mangel på kunstnarleg mot eller originalitet. Her vil vi trekkje fram døme som Keeper'n til Liverpool og Jørgen+Anne= sant som døme på det motsette,

Etter vår vurdering vil opprettinga av ei eiga konsulentstilling for film retta mot barn og unge ikkje vere det beste hjelpemiddelet. Vi gir kvart år tilskott til 6-7 konsulentvurderte filmar. Å opprette ei eiga stilling med sikte på å gi tilskott til berre to, verkar lite eigna. Vi viser her til at også Svensk filminstitutt har fjerna si stilling ut frå same vurdering.

5.2.3 Introdusere incentivordning

Det finst ulike formar for incentivordninga, med ulike krav i ulike land. Slik arbeidsgruppa har lagt fram saka her, vil dette i likskap med dei fleste andre incentivordningar nok kunne ha næringsmessige og turismessige effektar, men det verkar nokså uklart korleis ei incentivordning skal bidra til mangfaldet i norsk film.

Dei fleste incentivordningane byggjer på ein refusjon av kostnader anten brukt i det gjeldande landet, eller "used and consumed" i landet. Det er i liten grad stilt krav til kva type kostnader dette skal vere, og så vidt vi kjenner til, kan ein ikkje krevje at det skal vere lokal arbeidskraft knytt til prosjektet. Her skil incentivordningane seg frå samproduksjonar, der det i større grad er rom for å vurdere det reelle utbyttet.

Arbeidsgruppa argumenterer med at auka aktivitetsnivå vil bidra til etablering og stabilisering av infrastruktur og til kompetanseheving av regionale filmarbeidarar. Det er mogleg at det gjeld på et teknisk nivå og for b-funksjonar (assistentar), men det er vanskeleg å sjå korleis det skal auke den kunstnarlege kompetansen. Arbeidsgruppa nemner Irland som eit godt døme,

og som i folketal kan samanliknast med Noreg. Det er riktig at det er stor internasjonal filmproduksjon i Irland, men dette seier lite om kvaliteten på irsk film. Marknadsdelen for irsk film i Irland gjekk i fjor ned frå 4 % til 1,5 %. 12 av 13 filmar produserte i 2010 og 2011 hadde under 10 000 besøk.

Vi meiner med dette ikkje å vurdere om Noreg skal innføre incentivordning eller ikkje. Men vi er skeptiske til om dette er eit eigna verkemiddel til å auke mangfaldet i norsk film.

5.3 Tre forslag til tiltak for betra brukarmangfald

5.3.1 NFIs tilskottsordningar til lansering av nye filmar bør bli evaluerte og tilpassa digital distribusjon

NFI er samde i at det skjer ei endring i distribusjonen og bruken av audiovisuelle produksjonar. Det er etter vårt syn ønskeleg å endre dagens forskrifter for å kunne gi tilskott uavhengig av plattform, og dette er gjort kjend for departementet gjennom notat og NFIs interne strategiar. NFI vil samarbeide med departementet om dette ved revisjon av gjeldande regelverk. Ein slik revisjon vil krevje ny godkjenning av det samla regelverket.

5.3.2 Film-X: opprette ein filmverkstad for barnhage- og skolebarn

NFI har fleire år søkt om tilskott til å opprette ein slik filmverkstad, og har oppretthalde søknaden også for 2014, i ei litt mindre utgåve.

FILM-X er ein interaktiv læringsarena for film, både fysisk og virtuelt, etter en modell i Danmark som er integrert og drifta av Dansk Filminstitutt. Film X vil kunne vere eit vesentleg bidrag for å auke barn og unges forståing for filmmediet. På FilmX kan barn i alle aldrar, og frå alle lag, få prøve seg framfor og bak kamera – gjennom eksperiment, leik og læring. FILM-X er eit lågterskeltilbod som gir høve til ”hands on” undervisning. Barna/elevane får først teoretisk innføring i film og verkemiddel, deretter samarbeider dei om å produsere sin eigen film, for så å kunne sjå han på lerret eller på nett.

Ved å leggje FILM-X på Filmens Hus som eit pilotprosjekt, vil NFI kunne jobbe for at verktya vi utviklar også kan takast i bruk nasjonalt. NFI har gjennom samarbeid med regionale filmsentra og medieverkstader allereie god erfaring med nettbaserte løysingar som treffer ungdom lokalt, gjennom Filmport.no.

Som nemnd i innleiinga meiner vi rekrutteringsfasen er vesentleg for å sikre ei breiare rekruttering til bransjen. Eit slik samarbeidstiltak retta mot barn og unge vil etter vårt syn kunne ha særleg gode langsiktige verknader.

5.3.3 Tiltak retta mot dei yngste og dei eldste

NFI ser behovet for ei styrka, samordna satsing på barn og unge, med politiske føringar for at feltet i større grad skal spegle breidda i befolkninga og gi eit større mangfald. Med unntak av støtte til produksjon av film og spill, ligg per i dag dei fleste verkemidla på feltet for barn og unge hos Film og Kino, medan NFI er tildelt eit overordna nasjonalt ansvar. NFI er slik underlagt politiske føringar, men med avgrensa verkemiddel til å realisere dei. Vi forvaltar nokre middel gjennom post 78 Filmkulturelle tiltak, medan hovuddelen av finansieringa av regionale tiltak mot barn og unge får tilskott frå Film&Kino. Ein kan illustrere dette med ein pyramide;

KUD: Politiske føringar

F&K | **NFI**

Økonomiske middel, regionalt ansvar – **Politiske føringar, nasjonalt ansvar**

Regionale aktørar

har dels finansiering i tilskottsbrev frå KUD, dels frå fond i F&K

NFI tilrår at det nasjonale ansvaret og verkemidla blir samla også på feltet for barn og unge.

Med vennleg helsing

Nina Refseth
direktør